



# Gudbrandsdalsmusea AS

## Styreårsmelding 2011

Gudbrandsdalsmusea AS har som formål å drive museumsverksemd i samsvar med vedtekter og andre styringsdokument. Selskapet sitt hovudkontor er i Sel kommune med avdelingar i kommunane Dovre (avd. 3b, 5b og 9), Lesja (avd. 3a og 3b), Vågå (avd. 4, 5c og 5d), Lom (avd. 2a, 2b og 10), Skjåk (avd. 5a), Sel (avd. 1b), Nord-Fron (avd. 7), Sør-Fron (avd. 1a, 1d, 5e og 8) og Ringebu (avd. 6).

Styret hadde i 2011 7 styremøte (2010: 7) og handsama 35 saker (26). Det var ordinær generalforsamling 16. juni. Museet hadde i 2011 39 989 (31 034) registrerte besøk, ein auke på 29 %.

Driftsresultatet for 2011 var kr. 736 401 (2010: 2 160 579). Årsresultatet viser eit overskott på kr. 963 221 (2 323 609).

Bankinnskott var pr. 31.12.11 kr. 6 887 933 (6 255 532).

Selskapet har ein eigenkapital pr 31.12.2011 på kr. 2 458 111 (5 161 680).

Styret meiner at årsrekneskapei gjev eit rettvisst bilete av egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat for selskapet. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 stadfestar vi at forutsetninga for fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapei.

Av fast tilsette pr. 31.12.2011 er det 8 menn og 4 kvinner (tilsv. i årsverk 4,8 menn og 3,5 kvinner). Det er ikkje sett i gang særskilte likestillingstiltak gjennom året.

Det var direktørskifte 22. august, John Olsen slutta og Torveig Dahl starta. Adm.kontoret vart fløtta frå Lesja til Dale-Gudbrands gard, forretningsadr. er uendra: Skansen 7, 2647 Otta.

Styret har 4 menn og 3 kvinner (tilsvarende personleg vara 4 og 3).

Vi har ein tilstadeprosent på 96,1 % (99,6). Det har ikkje vore uhell med personskade i 2011. Arbeidsmiljøet er godt og det er ikkje sett i verk særskilte tiltak for å betre dette.

Styret kjenner ikkje til at selskapet forureinar det ytre miljø. Det er innført kjeldesortering der det er mogeleg, det er oppfordra til samkøyring til møte.

Skjåk 23. april 2012  
Styret for Gudbrandsdalsmusea AS


  
Jan Reinert Rasmussen  
Styreleder

  
Torveig Dahl  
direktør/sekr. styret

  
Ragnar Jacobsen

  
Berit E. Meinigen

  
Bård Hanem

  
Berit Forbord Moen

  
Einar Høystad

  
Håvard Syse